



Kommunal- og Moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref	Vår ref	Dato
19/4948	2021/585-INMY	08.04.2021

Høyringsvar - NOU 2020:12 – distriktsnæringsutvalet og NOU 2020:15 Det handlar om Noreg — Utgreiing om konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta

Universitetet i Bergen (UiB) takkar for invitasjonen til å komme med høyringsvar til NOU 2020:12 og NOU 2020:15, ref. høyringsbrev 19/4948-18 av 12. januar. Høyringsvaret omhandlar i hovudsak rolla til universiteta i regional utvikling, og behovet for desentralisert utdanning og livslang læring. UiB viser i denne samanhengen òg til innspel til Stortingsmelding om styringspolitikk for statlege universitet og høgskular og høyringsvar til NOU 2019:12 Lærekraftig utvikling. UiB håper regjeringa vil sjå NOU 2020:12 og NOU 2020:15 i samheng med tidlegare, pågåande og tilhøyrande prosessar i Kunnskapsdepartementet.

Del éin av høyringsvaret tar for seg UiBs generelle vurderingar. Del to og tre er kommentarar til dei konkrete tiltaka som blir føreslått i 2020:12, kapittel 9.3 og 9.7, og i NOU 2020:15, kapittel 10.5.

Del 1: Generelle kommentarar

Utgreiingane legg stor vekt på kompetansetilgang som nøkkel til utvikling av berekraftige og levande distrikt og lokalsamfunn. Dette er UiB heilt samd i, og støttar fleire av ambisjonane i rapportane. UiB tilrår at insentiva som blir drøfta må sjåast i samheng med Styringsmeldinga og den varsla gjennomgangen av finansieringssystemet for universitet og høgskular slik at tiltaka ikkje fører til utilsikta konsekvensar og målkonfliktar.

Universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) er svært mangslungen. Det er ei styrke som i større grad bør framhevast. Alle lærestadane skal ikkje gjere det same, men til saman skal sektoren dekke behovet for kunnskap og kompetanse i samfunnet. Politikk for samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) må vere rettleiande. UiB oppmodar difor regjeringa til å unngå å svekke mangfaldet gjennom for mange standardiserte løysingar.

UiB har sterke røter på Vestlandet, men er samtidig eit internasjonalt forskingsintensivt universitet som utviklar kunnskap og kompetanse som kjem heile landet til gode. Vurderingar av verkemiddel for betre utdannings- og kompetansetilbod må sjåast i samheng med rolla dei klassiske norske breiddeuniversiteta spelar for å gi eit breitt tilbod ikkje berre i eigen geografisk region, men for heile landet. Internasjonale breiddeuniversitet er viktige kunnskapsnav og for distrikta. Tiltaka for god distriktpolitikk bør ikkje stå i motstrid med

ønske om å vidareutvikle sterke kunnskapssentrum, med fysiske lærestadar, laboratorium, museum, bibliotek og infrastruktur for forskning, utdanning, formidling og innovasjon. Norsk nærings- og samfunnsliv treng godt samspel mellom distrikt og byar for å utvikla konkurransedyktige arbeidsplassar i heile landet.

Dei norske breiddeuniversiteta representerer gjennom si forskingsbaserte utdanning viktige garantiar for at arbeidskrafta i framtida har kompetanse på internasjonalt nivå. UiB meiner at tiltak som svekker dei sterke og internasjonalt orienterte studiestadene òg vil svekka næringslivet i distrikta. Regionalt næringsliv er i stor grad eksportorientert, og treng kandidatar som har studert ved sterke og internasjonalt orienterte universitet som fungerer som viktige noder for internasjonalisering.

Kvalitet og digitalisering

UiBs strategi slår fast at UiB skal tilby forskingsbasert og fleksibel etter- og vidareutdanning. I eit samfunn med aukande grad av spesialisering og vekst i kunnskapsintensive verksemdar, er utdanning av høg kvalitet avgjerande for å lukkast med omstilling og nyskaping.

Masterutdanningane og profesjonsutdanningane er tett samanvevde med forskinga. I analysearbeidet som følgde strukturreforma (Meld. St. 18 2014-2015), som nettopp hadde som mål å heva kvaliteten på norsk utdanning og forskning blei høgare gradsutdanning grundig drøfta. Kvaliteten på master- og doktorgradsutdanningane er avhengig av solide fagmiljø med breidde i forskinga, kompetansen og dei fagleg tilsette der særleg profesjonsutdanninga krev gode høve til praksis i form av pasientkontakt og laboratoriearbeid. UiB vil understreke at satsinga på meir fleksible og tilgjengelege utdanningstilbod ikkje må gå på kostand av forskings- og utdanningskvaliteten ved lærestadane.

Digitalisering er eit nøkkelord når vi snakkar om tilgjengeleg utdanning og livslang læring, men er svarar ikkje like godt for all type læring. Kva som gir best undervisningskvalitet, varierer dessutan mellom disiplinær og fag. Undervisningskvalitet heng nært saman med å kunne tilby varierte læringsformer, studentaktiv læring og forpliktande praksissamarbeid med arbeidslivet. Det må gjelde for både for gradsstudentar og for vaksne arbeidstakarar med behov for fagleg oppdatering. Difor er læringsmiljø ein hovuddrivar både i UiBs arbeid med studiekvalitet og utviklinga av det fysiske læringsmiljøet. Satsing på gode møteplassar spelar ei viktig rolle både for læring og dialog med arbeidslivet og må difor vere tilgjengeleg for kompetansemiljøa i heile landet.

Unngå for mange insentiv

Nokre tiltak handlar om å innføre nye insentiv i finansieringssystemet for å stimulera universitet og høgskular til å etablere tilbod i distrikta. UiB meiner, som Demografiutvalet, at utviklingsavtalane kan vere eit betre verktøy for å utvikle «regionale oppdrag» med god arbeidsdeling i sektoren. Kunnskapsdepartementet bør ha ein «systemkoordinerande» rolle der arbeidsdelinga er utforma i dialog med den enkelte institusjonen, tilpassa eigenart og strategi.

Alle utfordringar kan ikkje løysast med nye insentiv og reglar. For mange insentiv, kontrollorgan, forskrifter og standardar trekker ofte i motstridande retningar, verkar detaljstyrande og kan hindre effektivitet og den målretta satsinga dei er meint til å løyse. Som nokre døme på kryssande insentiv kan nemnast at finansieringssystemet premierer universiteta for gjennomstrøyming av kandidatar med heile grader, medan regjeringa samtidig har ein ambisjon om at universiteta skal leggja til rette for at fleire skal ta kortare fleksible løp.

Finansieringssystemet for sektoren er innretta slik at dimensjonering av utdanning gjennom studieplassar får konsekvensar for dimensjonering av forskning. Det er viktig å ha med seg i forståinga at dei store samfunns- og arbeidslivsendringane gjerne blir fanga tidlegast opp og

utvikla av universiteta. Ei forståinga korleis behova i arbeidslivet vil utvikle seg må difor bygge på analyse der langsiktige perspektiv står i sentrum. Ei styring av sektoren som i hovudsak handlar om akutte arbeidslivsbehov kan i verste fall føre til ei svekking av den nasjonale forskingskapasiteten i Noreg, som igjen kan få konsekvensar for evna vår til å utvikle «morgondagens» arbeidsliv.

Bygg opp om mangfaldet i universitets- og høgskulesektoren

Ein god arbeidsdeling, samarbeid og konsentrasjon i utdannings- og forskingssektoren gir Noreg i sum betre utdanningar, betre utnytting av nasjonale ressursar, noko som igjen styrkar kapasiteten for utvikling og innovasjon. Innanfor livslang læring og desentralisert utdanning gjeld same prinsipp.

Tiltak bør skilje mellom kva typar institusjonar som finst og kva utdanningsbehov samfunnet har. Dei seinare åra har vi sett ei utvikling mot meir einsretting i sektoren i staden for å dyrke mangfaldet og dei eksisterande styrkane til lærestadane. UiB meiner mangfaldet i UH-sektoren kan utnyttast mykje betre. For UiB er det særleg viktig at livslang læring som blir gitt ved UiB skal vers forskingsbasert. For eit internasjonalt leiande universitet er forskning naturleg integrert med utdanningsverksemda ved institusjonen.

Autonomien til institusjonen verkar effektivt når den er kombinert med styringsdialogen og tett interaksjon med eksterne interessentar. Ein mangfaldig sektor med stor grad av autonomi og god dialog med styremakter og arbeidsliv gjer det mogleg å ta vare på ulike regionale behov og svara tydeleg på lokal interesse, òg for etter- og vidareutdanning og meir fleksibel utdanning.

Tilgjengeleg utdanning og livslang læring

Livslang læring og vidareutdanning er viktig og har stor merksemd ved UiB med tilbod både til offentleg og privat sektor. Saman med UiBs fagmiljø og aktørar i arbeids- og næringsliv har UiB som målsetjing å levere forskingsbasert kunnskap i lys av universitetet si samla breiddekompetanse. UiB har i dag ein heterogen studentgruppe som søker seg til oss i ulike fasar av livet. Mange av søkarane til dei ordinære studietilboda våre har ei utdanning frå før. Universitetet i Bergen leverer kurs- og vidareutdanning til både eksterne oppdragsgivarar og samarbeidspartnarar. «UiB vidare» fasiliterer både kortare og lengre målgruppeorienterte studietilbod. Det kan vera alt frå kortare etterutdanningskurs utan studiepoeng, til meir omfattande kurs og studieprogram med studiepoeng, heilt opp til masternivå. UiB har i ei årrekke arrangert Fagleg pedagogisk dag for lærarar og tilbyr ei rekke heilskaplege etter- og vidareutdanningstilbod over ei stor fagleg breidde.

Kandidat- og arbeidsgivarundersøkingar viser at UiBs kandidatar er omstillingsdyktige og attraktive på arbeidsmarknaden. Dei lange grunnutdanningane våre sørger for ein kognitiv grunnmur hos kandidatane som førebur dei på læring heile livet. Dei kvalifiserer ikkje berre for jobb nummer éin, men også for jobb nummer to og tre og fire. Denne tenkinga står heilt sentralt i UiBs utdanningspolitikk.

Kostnad

Stabile rammevilkår gjennom tilstrekkeleg og langsiktig finansiering er ein grunnleggande føresetnad for å kunna tilby forskingsbasert utdanning av høg kvalitet. Dersom det ikkje følgjer friske pengar med nye oppdrag og arbeidsoppgåver, er det ein reell fare for at dette vil gå utover grunnutdanninga og forskinga. At fleire arbeidstakarar skal få fagleg påfyll må heller ikkje gå ut over den forskingsverksemda som er heilt nødvendig for både grunnutdanningane våre, og for at vi skal kunna møte kunnskapsbehovet i arbeidslivet.

Vi vil difor åtvare mot å gjera endringar i finansieringssystemet som gjer at grunnutdanninga blir svekka for å finansier etter- og vidareutdanning. Vi minner i tillegg om at Holden-utvalet

slår fast at «utdanningssystemet og arbeidslivet i Noreg er samla sett velfungerande og bidrar til at Noreg har høg sysselsetjing og ein arbeidsstyrke med høg kompetanse».

Som utgreiingane viser, er det store regionale forskjellar i mangelen på arbeidskraft. Det blir samtidig vist til ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning som peikar på at behovet for livslang læring blir forsterka av teknologiutvikling og demografiutvikling, men at investeringsviljen er låg. Universitetet i Bergen meiner at ein robust basisfinansiering av livslang læring vil vera ei av løysingane for auka deltaking. Dette gjeld og moglegheita for å utvikle kortare utdanningstilbod (micro credentials). I lys av demografiske og distriktspolitiske forhold, meiner UiB òg at Kunnskapsdepartementet i større grad bør tildele konkrete ansvar og ansvarsområde til dei enkelte UH-institusjonane, i staden for å styra finansieringa gjennom direktorat. Ei direkte tildeling vil vera kostnadseffektiv samtidig som ein unngår unødvendig konkurranse mellom offentlege høgskular og universitet. Samtidig må kvar institusjon kunna tilby målgruppeorienterte oppdragsbaserte tilbod i lys av etterspørsel ut frå den faglege profilen til institusjonen.

Del 2:

Kommentarar til utvalde konkrete tilrådingar i NOU 2020:12, kap 9.3:

Tilråding frå utvalet: Det bør innførast insentiv for at universitet, høgskular og fagskular skal etablera fleircampusmodellar for å møte behovet til arbeids- og næringslivet over heile landet, samtidig som det blir skapt relevante kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.

UiBs kommentar: UiB meiner at det er fornuftig å jobbe for å skapa sterke kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv ulike stader i Noreg. Utvikling av klynger og samarbeid om lækjarutdanningar, som «Vestlandslegen» er døme på slike gode samarbeid. Utdanningsinstitusjonane er ulike. Det bør derfor ikkje vera noko mål at alle norske studiestader har ein flercampusmodell. Styringa av sektoren må ta utgangspunkt i mangfaldet, og regionale behov bør derfor vere ein del av styringsdialogen ved den enkelte institusjonen. Det må òg vurderast om fleire typar kompetansebehov kan dekkast utan å bygga opp permanente campusstrukturar, som også kan vere svært kostnadsdrivande.

Tilrådinga frå utvalet: Institusjonar innanfor høgare utdanning er i stor grad lokalisert i sentrale område. Strukturreforma som er gjennomført, kan bidra til ytterlegare sentralisering av utdanningsinstitusjonane, ved at utdanningstilbod i distrikta blir lagt ned. Insentivsystemet og finansieringa av universiteta, høgskulane og fagskulane bør utformast slik at det stimulerer til desentralisert studiestadsstruktur.

UiBs kommentar: Det er viktig at det finst gode studiestader òg utanfor dei største byane. UH-systemet som heilskap må sørge for dette. Fleksibilitet og tilgjengelegheit kan ikkje sjåast uavhengig av grunnleggande krav til kvalitet i utdanningane og i forskinga. Strukturreforma (Meld. St. 18 2014-2015) hadde som mål å heva kvaliteten på norsk utdanning og forskning, og blei i stor grad motivert ut frå at kvaliteten på master- og doktorgradsutdanningane er avhengig av ein base i solide fagmiljø med aktiv forskings- og utviklingsproduksjon og ei breidde i kompetansen, med ei tilstrekkeleg mengde med fagleg tilsette og studentar.

UiB meiner at tiltaka i større grad bør skilje mellom ulike typar institusjonar og kva utdanningsbehov ulike regionar har. Fleire mastergradsutdanningar og profesjonsutdanningane krev konsentrasjon kring sterke forskingsmiljø for å halda høg internasjonal standard, og må ikkje etablerast utan sterk tilknytning til eit forskingsmiljø. Det fragmenterer fagmiljøa og går utover kvaliteten. Lågare kvalitet på utdanning og forskning går til sjuande og sist utover heile landet– både distrikt og sentrale strøk

Livslang læring er ikkje eit einsarta omgrep, og det er viktig med ein operasjonalisering: Livslang læring som er basis- og resultatfinansiert, bidragsfinansiert utdanning, oppdragsfinansiert utdanning og sal av einskildståande kurs til bestemte målgrupper. For Universitetet i Bergen er det avgjerande at vi sikrar kvalitet i tilboda vi utviklar. Digitalisering endrar føresetnadene for kor utdanning kan drivast frå. Så lenge slik digital undervisning held høg kvalitet, er det mindre viktig kor utdanninga blir tilboden frå. Tiltaka bør etablerast ved institusjonar som kan tilby undervisning av høg kvalitet og bli distribuert mellom anna digitalt til der utdanningsbehovet er.

Utviklingsavtalane kan vera eit betre verktøy for å bidra til å ta vare på det regionale oppdraget, og kan gi til ein betre arbeidsdeling i sektoren. Det vil kunne gi Kunnskapsdepartementet ein systemkoordinerande rolle der arbeidsdelinga blir utforma i dialog med den enkelte institusjonen og tilpassa deira eigenart.

Tilrådingane frå utvalet: For å dekkja det lokale behovet til det regionale næringslivet for arbeidskraft er det behov for fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universiteta, høgskulane og fagskulane, utover det som blir i dag tilbode.

UiBs kommentar: UiB er samde i dette og viser til kommentarar gitt i innleiinga om behov for samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i sektoren som heilskap.

Fleksible digitale studiar er avgjerande i eit distriktspolitisk perspektiv. Slike tilrettelagde studiar vil gjera det mogleg for næringsmiljø i distrikta til å delta på kompetansehevande tiltak. Slike studiar skal halde like god kvalitet som ordinære studiar på campus. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg at vitskapelege tilsette må utvikla slike tilbod på toppen av full stilling. Dette blir opplevd som ekstraarbeid og krev ein særleg motivasjon. Brandtzæg-utvalet peikar òg på at ei av årsakene til at tilbodet av fleksible digitale studiar ved universitet og høgskular er avgrensa, kjem av mangel på insentiv i finansieringsmodellen. Universitetet i Bergen meiner at ei solid basisfinansiering vil gi ein langsiktig og føreseieleg plattform for tilbydarinstitusjonane, og dermed bidra til å gjere livslang læring meir integrert som ein del av kjerneverksemda. Kombinert med klare oppdrag gjennom utviklingsavtalen, eventuelt tematisk arbeidsdeling mellom institusjonar vil vi kunna tilby kvalitet med basis i solide fagmiljø.

Tilrådinga frå utvalet: For å sikra betre samhandling mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane, bør det vurderast nye krav om praksisopphald i bedrifter ved fleire utdanningsretningar, etter modell av sivilingeniørstudiet ved NTNU.

UiBs kommentar: Praksis varierer mellom ulike utdanningar. Praksis er ein sjølvsgd standard i alle UiBs profesjonsutdanningar, men også på ein stadig større del av heile utdanningsporteføljen vår. UiB deler synet frå utvala når det gjeld viktigheita av praksis, og har særleg sidan innføringa av kvalitetsreforma, arbeidet for å styrka arbeidslivsrelevansen i breidda av studieprogramma våre.

Praksis må likevel organiserast ut frå dei ulike studieprogrammas eigenart og profilen til institusjonane. For UiB er det like relevant å ha med offentleg sektor som partner, då vi utdannar mange til forvaltninga.

For at praksis skal vere meningsfylt må det vere eit godt mottakarapparat der studentane skal vere under praksis, og det må vere mange nok arbeidsgivarar som stiller tilstrekkeleg mange nok praksisplassar til rådvelde. Vi må dessutan involvere heile arbeidslivet, ikkje berre bedrifter. Ein effektiv og god offentleg sektor står sentralt i den norske modellen.

Tilrådinga frå utvalet: For å betre tilbodet av fleksible etter- og vidareutdanningar i distrikta meiner utvalet at det er behov for å styrka insentiva i finansieringssystema for høgare utdanning, herunder høgare yrkesfagleg utdanning og at det i større grad må leggast til rette for offentleg- privat utviklingssamarbeid.

UiBs kommentar: Kostnadsdekning til institusjonane er ein nøkkel til suksess, men bør ikkje løysast ved å leggja ytterlegare insentiv inn i dagens finansieringssystem. Som tidlegare nemnd krev det like mykje arbeid å utvikla studietilbod av høg kvalitet til livslang læring som til gradsstudentar. Dersom det ikkje følgjer friske pengar med nye oppdrag og arbeidsoppgåver, er det ein reell fare for at dette vil gå utover grunnutdanninga og forskinga.

Etter regionreforma har fylkeskommunane fått eit større ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Fylkeskommunane er ein viktig samarbeidspart for UH-sektoren for framtidig kompetanseutvikling. Universitetet i Bergen meiner at arbeidslivsrelevans må drøftast i breiare forstand enn ein reint instrumentell «tilbud-ettterspørsel-oppfatning». Det er derfor viktig å understreke at universiteta gjennom kunnskapsutviklinga vår er ein sterk aktør i å forma arbeidslivet og samfunnet i framtida. Eit koordinert samarbeid med arbeids-, næringsliv i både privat og offentleg sektor er med på å styrka koplingane mellom opplevde problemstilling og akademisk vitskapleg kunnskap.

Tilrådingane frå utvalet: Digitale læringsplattformer gir moglegheiter for å gjera opplæringstiltak og etterutdanning lettare tilgjengeleg for distriktsnæringslivet. Og: Koronasituasjonen har vist at digitale plattformer kan brukast i større grad enn tidlegare og kan dermed bidra til at etter- og vidareutdanning i større grad kan takast frå distrikta. For utdanningar som er særleg etterspurde i Distrikts-Noreg, bør det vurderast undervisningsopplegg som bidrar til desentralisert opplæring.

UiBs kommentar: UiB er samd i at digitale læringsplattformer gir høve til å gjere opplæringstiltak og etterutdanning lettare tilgjengeleg for næringslivet og offentleg forvaltning i distrikta, men digitalisering av utdanning er ikkje det same som å «strømme» ein forelesning. Erfaringane frå MOOCs viser òg at fråfall er stort der ein ikkje lukkast med å skapa eit læringsfellesskap og studentaktiv læring. Studiebarometeret 2020 viser òg at studentar treng eit sosialt og fagleg fysisk fellesskap for å ha det bra og for å lære. Dette er erfaringar det er viktig å ha med seg også i tida etter pandemien.

Kommentarar til utvalde konkrete tilrådingar i NOU 2020:12, kap 9.7:

Tilrådinga frå utvalet: Nasjonale ordningar med likearta tildelingskriterium gir gode insentiv til næringslivet i heile landet til å gjennomføra nødvendige og gode utviklingstiltak. Dette aukar òg sjansen for effektive og samfunnsøkonomisk lønnsamme verkemiddel.

UiBs kommentar: Det er avgjerande viktig å verna dei nasjonale konkurransearenaene der kvalitet er det sentrale kriteriet og særleg Forskningsrådet er sentralt.

Tilrådinga frå utvalet: Nasjonale ordningar er likevel ikkje tilstrekkeleg for omstilling og videreutvikling av næringslivet i distrikta. Regionalt forvalta verkemiddel på ulike nivå kan tilpassast regionale behov og bør styrkast. Dette gjeld den regionale innsatsen som stimulerer distriktsnæringslivet til å bruka meir forskingsbasert kunnskap i eiga utvikling gjennom samarbeid med FoU-miljøer, mellom anna gjennom RFF og Forregion. Ei styrking av næringshageprogrammet vil bidra til å utvida det geografiske nedslagsfeltet til programmet og bransjeportefølje.

UiBs kommentar: Noreg treng både og. Vi støttar mellom anna verkemiddel for regionale stimuli innanfor Skattefunn og Innovasjon Norge. Verkemiddel for å styrka samspelet med sterke forskingsmiljø kan òg vurderast.

Del 3:

Demografiutvalet. NOU 2020:15 Kommentarar til kapittel 10.5.1

Utdanningssystemet må ha ei tydeleg distriktpolitisk oppgåve med å bidra til god tilgang på nødvendig kompetanse

Tiltak 1: Regionalt oppdrag som ein del av oppdragsbreva til institusjonane

UiBs kommentar: UiB ser føremon med ei tenking der det årlege oppdragsbrevet og utviklingsavtalane med institusjonane omhandlar korleis det regionale oppdraget skal takast vare på. Å gi Kunnskapsdepartementet ei systemkoordinerande rolle der arbeidsdelinga er utforma i dialog med den enkelte institusjonen og tilpassa deira eigenart og faglege tyngde, kan styrke tilgangen på kompetanse i regionane.

Tiltak 2: Kunnskapsdepartement må sikre at institusjonane tilbyr eit fleksibelt utdanningstilbod

UiBs kommentar: Ein god arbeidsdeling, samarbeid og konsentrasjon i utdannings- og forskingssektoren er heilt avgjerande for å sikra Noreg i sum betre utdanningar, betre utnytting av dei nasjonale ressursane våre, og styrker kapasiteten vår for utvikling og innovasjon. Dette må også vere grunnlaget for å utvikle fleksible utdanningstilbod. Her igjen kan utviklingsavtalen vere eit aktuelt verkemiddel.

Tiltak 3: Det bør leggst til rette for praksis i distrikta gjennom utdanningssystemet

UiBs kommentar: Praksisplassar er svært viktig, og organiseringa og kostnadene knytt til dette kan vera ei utfordring både i distrikta og i meir sentrale strøk. UiB ser gjerne at forslaga knytt til praksisordninga skildra i rapporten blir vidareutvikla, men understrekar at dette er ei breiare problemstilling som bør belysast ytterlegare før ein foreslår konkrete tiltak for regionane. Per i dag har vi praksisplassar i distrikta for mange av profesjonsutdanningane våre (f.eks medisin)

Tiltak 4: Betre spreiiing av middel og arbeidsoppgåver knytt til infrastruktur og forskning

UiBs kommentar: Middel som i dag blir delte ut basert på forskingskvalitet må ikkje endrast til å fordelast etter regionale prinsipp. UiB understrekar viktigheita av å halda fast på kvalitetsprinsippet for dei store forskingsinfrastrukturprosjekta. I staden må det etablerast gode ordningar som gjer utstyret tilgjengeleg for fleire. Institusjonane må på si side leggja til rette for at bedrifter, næringsliv og andre interessentar får moglegheit til å nytta infrastrukturen. UiB satsing på klynger er døme på slike velfungerande satsingar.

Vennleg helsing

Margareth Hagen
rektor

Robert Rastad
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen håndskrevne signaturar.